


† KYRKJEHELING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 4 HAUST 2009
34. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad 56 19 22 72
Johannes Melve 56 19 22 82
Inge Sørheim 56 19 22 83
Liv Skoglund 56 19 22 84
Kåre Rivenes 56 19 22 85
Ruth Hauge 56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Anne Mari Persen
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,
Frode Johnsen, Johannes Melve,
Wenche Fiskeseth

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Oddmund Vevle
Hosanger: Katja Litland
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Dette nummeret byr på mykje val-stoff, først og framst sidan mykje kring soknerådsvala som står for døra er nytt og uprøvd både for veljarane og dei som skal administrere valet. Fleire sider med stoff som kjem frå sentralt hald har derfor fått plass i bladet.


Denne gongen prydar eit bilete av den italienske målarer Perugino framsida. Vi ser ei framstilling av Jesu dåp, og det er Johannes som utfører handlinga. Markus-evangeliet i Bibelen byrjar med forteljinga om Johannes døyparen, og dei andre evangelistane fortel også den same historia. Denne mannen levde av grashopper og vill honning ute i øydemarka, og var kledd i ei kappe av kamelhår. Frå heile Judea og Jerusalem drog folk ut til han for å bli døypte i Jordan-elva. Då Jesus også kom og bad om å bli døypt, sa døyparen: "Eg treng dåp av deg, og så kjem du til meg!" Men det blei som Jesus ville det, og det er i samband med dette vi møter biletet av Guds Ande som kjem ned frå himmelen som ei due og velsignar handlinga. Målaren har også fått dette elementet med over personane på biletet. Ein artig detalj er korleis han har fått fram at begge personane står i elvevatnet.

Perugino har fått kunstnarnamnet sitt frå byen han kom frå, Perugia i Italia. Namnet hans var eigentleg Pietro Vannucci, og han var aktiv på slutten av 1400 – talet fram til han døydd i 1523. Nokre av bileta i Det sixtinske kapellet i Roma er det han som har måla. Perugino laga bilete med tydelege figurar og klåre fargar, noko som den berømte eleven hans, Rafael, kopierte.

- Kristoffer Foldøy

VALTID

Andakt ved Johannes Melve



Eg forstår godt dei som er lei alt pratet om val no. I ei hektisk førvals-tid kan det verta for mykje prat om val. Partipolilikk er ikkje alltid like fengjande.

Likevel: Livet er fullt av val. Me vel pålegg på maten. Me vel kva me vil ha til middag, kva klede me skal ta på oss. Heile tida lyt me velja. Og er det noko vår tid er merkt av, så er det at me vil velja. I butikken vil me ha fleire ulike merke å velja blant. Utvalet er stort, mykje større i dag enn for 30 år sidan. Og ikkje alltid er det like lett å velja heller.

Du lyt velja. Slik er livet. Dei fleste vala er lette og kvardagslege. Men så kjem det store og avgjerande val. Det gjeld val av yrke, kven du vil dela livet med, kva du vil bruka livet til. Slike val gjeld ikkje berre for fire år, som Stortingsvalet. Ved offentlege val får du ein ny sjanse om to eller fire år. Slik er det ikkje med alle vala i livet. Her er det vanskeleg å velja omatt.

I Bibelen står det fortalt om Josva, då han hadde ført Israelsfolket inn i det lova landet, at han stilte dei på val: **"Vel i dag kven de vil tena"**. Han let dei ikkje vera i tvil om kva han sjølv ville gjera: *"Eg og mi ætt, vi vil tena Herren."* Å verta stilt på val kan opplevast frykteleg vanskeleg. Folket den gongen Josva tala til dei, var ikkje i tvil om kva dei ville velja. Dei ville tena Herren, men så kom kvardagane, og det livet dei fekk, viste at dei ikkje alltid sette Herren fyrst. Gong på gong måtte dei velja, og vala deira vart ofte feil. Dei valde avgudar i staden for den Herren som hadde vore med dei og ført dei før.

Jesus kom ein gong på besøk til Marta og Maria og Lasarus. Maria sette seg ned for å høyra på Jesus. Marta stelte i stand mat og gjorde arbeidet som skulle til. Ho tykte nok at systera burde hjelpa til. Jesus sa: **"Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne."**

Å få noko som ikkje skal takast ifrå deg, det er verdifullt. Me veit at me må forlata alt her på jorda ein gong. Me får ikkje noko med oss herifrå. Men den som har valt den

gode delen, får noko ingen kan ta ifrå deg. Maria hadde valt rett. Prioriteringer eit ord som ofte vert brukt no i desse valkampstider. Me veit at det er noko som kjem fyrste, og så må det andre venta. Maria hadde prioritert rett! Sjølv om det er mange ting som må gjerast og ordnast, så er det likevel noko som er så viktig at det er umissande, som ingen ta ifrå deg. Du har vel høyrte orda om at det gode vert det beste sin fiende. Eg er redd for at dei mange gode tinga kjem i vegen for det aller viktigaste: Gud.

Eg høyrde for mange år sidan biskop Alex Johnson som siterte lærarinna i fyrsteklassen: *"Gud har det med å sette menneske på valg"*. Det høyrer til dette å vera menneske at me kan velja. Du kan seia ja eller nei til Gud. Han tvingar deg ikkje. Han vil at du frivillig skal koma til han. Du er inga nikkedokke som må gjera det Gud vil og set deg til. Og resultatet av dårlege val, dei ser du rundt deg.

Mykje av vodskapen i verda er resultatet av dårlege val. Menneske har valt rikdom og makt i staden for den gode delen. Livet er nok ikkje alltid resultat av medvitne val. Ofte er det berre slik det har vorte. Likevel er det val som ligg under og gjev resultat i livet. Om du vil eller ikkje, så er det til sjuande og sist val som avgjer livet mange gonger.

Maria vart ikkje rikare enn andre menneske. Eg veit ikkje om ho kjende seg lukkelegare heller. Men ho hadde fått noko som ingen kunne ta frå henne. Ho ville høyra på Jesus, læra av han og tru på han. Det er noko av det den gode delen fører med seg. Eit slikt val får fylgjer for æva. Så lagnadstunge er ikkje dei vala du får til vanleg. Men det er eitt val som er viktigare enn alle andre: **Jesus**. Når du lever i trua på han, så får du del i eit liv som varer! Så er det Stortingsval i haust. Og i år er det soknerådval og val til halve bispedømerådet samstunes med Stortingsvalet. Gløym ikkje dette valet heller. Kyrkja er for viktig til det!



Di kyrkje - ditt val!

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedøme





FOTO: ESKO JAMSA



FOTO: KIRKENS INFORMASJONSTJENESTE

Val på Bjørgvin bispedømeråd og Bjørgvin sine representantar til Kyrkjemøtet

Kva kyrkje vil du ha? Kven vil du skal sitja i Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting»? No kan alle kyrkjemedlemer som er 15 år eller eldre for første gong vera med på å bestemma dette direkte. Ved å røysta på bispedømerådet, er du med på å bestemma kva retning Den norske kyrkja skal gå i.

14. september er det både stortingsval og kyrkjeval. I Bjørgvin skal denne dagen tre av dei leke medlemene til bispedømerådet veljast. Dei vert også utsendingar frå Bjørgvin til Kyrkjemøtet.

Ytterlegare fire medlemer i bispedømerådet vert i november valde av dei nye sokneråda. I tillegg skal prestane og andre tilsette i kyrkja velja til saman to medlemer. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet.

Slik røystar du ved bispedømerådsvalet

- Valordninga er slik at kvart medlem ikkje røystar på ei liste (som ved soknerådsvalet), men på den personen dei helst vil ha inn.
- Røystesetelen er alfabetisk. Kandidatane skal difor ha like stor sjans til å bli valde, uavhengig av kvar på setelen dei står.
- Røystesetlar utan kryss vil bli forkasta fordi dei ikkje viser kven veljaren vil ha inn i bispedømerådet. Veljaren må difor rangere kandidatane ved å setje kryss (X).
- Det må setjast kryss for 1. valet ved den kandidaten ein helst vil ha inn i bispedømerådet.
- Det kan setjast kryss for 2. val – 5. val ved dei kandidatane ein vil ha som «reserve» om førstevalet ikkje kjem inn. Døme på korrekt utfylt røystesetel vil vera tilgjengeleg i vallokalet.

Nytt ved kyrkjevalet 2009

- Valdagar 13. og 14. september, samtidig med stortingsvalet.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Val av nye sokneråd og nye medlemer til bispedømeråda.
- Kandidatane blir valde for to år.
- Røysterettsalderen er 15 år.
- I august vil alle medlemer av Den norske kyrkja med røysterett motta eit valkort med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Storsatsinga på årets kyrkjeval er eit resultat av fjorårets kyrkjekorlik i Stortinget om tilhøvet mellom stat og kyrkje.

Bli kjent med kandidatane

På dei neste sidene får du ein kort eigenpresentasjon av kandidatane ved bispedømerådsvalet. Ein meir utfyllande presentasjon er tilgjengeleg på www.kyrkja.no/bjorgvin. Den utfyllande presentasjonen vil også bli sendt kyrkjekontora før førehandsrøystinga tek til 10. august.

Leke kandidatar i alfabetisk orden

Bodil Birkenes (54)




Erdal sokn, Vesthordland prosti. Lektor. Medlem av Erdal menighetsråd. Nestleder i Askøy kirkelige fellesråd. Styremedlem i Askøy søndags-skolelag.

Satsingsområde:

- Familiearbeid.
- Dåpsopplæringsarbeid.

Erland A. Fagermoen (67)



Balestrand sokn, Ytre Sogn prosti. Gardbrukar/pensjonist. Leiar, St. Olavs vener. Formann/styremedlem i Sogn Misjonssamband. Medlem i krinsstyret for NLM Bergen krins i fleire periodar.

Satsingsområde:

- Ressursar til å vidareutvikle trusopplæringa.
- At kyrkja og den lokale kyrkjelyden skal bety noko for så mange som mogeleg.
- Godt samarbeid mellom kyrkjelydane og misjonsorganisasjonane.
- At kyrkja skal vera ei open kyrkje der Guds Ord vert forkynt klårt og reint.
- Kyrkja må stå fast på si tradisjonelle lære i teologiske spørsmål.

Håkon S. Giil (66)



Hyllestad sokn, Ytre Sogn prosti. Pensjonert lektor. Leiar, Hyllestad sokneråd (inkl. fellesråd). Medlem i Ytre Sogn prostistyre. 2. varamedlem til Bjørgvin bispedømeråd. Utsending på kyrkjemøtet 2008.

Satsingsområde:

- Realisere visjonen: «Saman vil vi ære Den treeinige Gud» ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd.
- Trusopplæringsreforma skal forståast som ein prosess som under ei nasjonal leiing skal gjennomførast i kyrkjelydane.
- Innføringa av ny salmebok, nye liturgiar og utarbeiding av plan for kyrkjemusikk

må appellere til grupper som føler behovet for fornying/nye uttrykksformer, men må også ta vare på kulturarv og verdifull, nedervd tradisjon.

- Skaparverk og berekraft, arbeid for ei berekraftig utvikling, lokalt, nasjonalt og globalt.
- Kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar.

Sigbjørn Grønås (70)



Os sokn, Midhordland prosti. Professor. Tidlegare leiar i Os sokneråd. Tekstlesar/klokkar.

Satsingsområde:

- Dåpsopplæring.
- Global oppvarming/fattigdom i verda.
- Gudstenestefeiring.
- Kristen tenking i samfunnet.
- Diakoni.

Cathrine Halstensen (31)



Bergen domkirke sokn, Bergen domprosti. Leder, Batteriet Vest selvhjelpssenter. Medlem, trosopplæringsutvalget i menigheten samt ulike komiteer og utvalg, bla. innen frivillighetsarbeid, kirkemusikk og omorganisering.

Satsingsområde:

- Diakoni og fellesskap.
- Kirken som kulturarena.
- Barne- og ungdomsarbeid.
- Økumenikk.

Grete Algrøy Herøy (53)



Fedje sokn, Nordhordland prosti. Driftssjef i Fedje kommune. Leiar i Fedje Sokneråd/fellessråd. Frivillig klokkar og medarbeidar kyrkjelydsblad.

Satsingsområde:

- Ressurser til å fortsetja og vidareutvikla trusopplæringa – for alle kyrkjelydar.

- Gode vilkår for tilsette og frivillige slik at bibelforteljingane og song- og salmeskatten vert formidla i mange ulike uttrykksformer til alle generasjonar.

Karl Johan Kirkebø (59)



Bønes sokn, Fana prosti. Salgsdirektør Onsoft Computer systems as. Menighetsrådsleder Bønes menighet. Styremedlem, felles menighetsblad, Fana prosti.

Satsingsområde:

- Strategi. At vi er beviste i våre valg på hva vi ønsker å prioritere og hvordan vi ønsker å gjennomføre det.
- Frivillighet. Hvordan oppmuntre mange til å finne sitt engasjement i kirken, legge til rette for dem, se dem og hjelpe dem.
- Gudstjeneste: Bidra til at det å feire gudstjeneste blir styrket som det bærende element i menighetsutviklingen.
- At kirken og den lokale menighet skal bety noe for så mange som mulig og være et kraftsenter i lokalmiljøet med lav terskel og stor takhøyde.
- Dåpsopplæring. At vi som kirke går inn med engasjement i dåpsopplæring og fyller hullet skolen etterlater seg.

Henny Koppen (54)



Nedstryn sokn, Nordfjord prosti. Høgskulelektor. Medlem bispedømerådet, Mellomkyrkjeleg råd og representant-skapen for KN. Tidlegare medlem kyrkjemusikkutvalet.

Satsingsområde:

- Formidle styrken som ligg i å leve livet saman med Jesus, nåde og velsigning.
- Trusopplæringsreforma, også med tanke på samspelet mellom kyrkja og organisasjonane.
- Kyrkjemusikk og kultur, ikkje minst i samband med ny gudstenestene.
- Økumenikk, misjon, integrering, fellesskap.
- Klimaspørsmål.

Røysterett på desse kandidatane har alle medlemmer av Den norske kyrkja i Bjørgvin som ikkje er prestar eller lek kyrkjeleg tilsette

Geirmund Kvamme (22)



Bergen domkirke sokn,
Bergen domprosti.
Student.
Tidlegare styre-
medlem i Acta Sogn
og Fjordane og region-
styret i Normisjon
Sogn- og Fjordane.

Satsingsområde:

- Barne- og ungdomsarbeid. Det er svært viktig at kyrkja satsar på dette området, då trusopplæringa ikkje lenger har ei så sentral rolle i skulen. Vi må gjere konfirmantarbeidet meir interessant, og det er viktig å gje konfirmantane gode tilbod også etter konfirmasjonstida.
- Gudstenesta er møtepunktet i kyrkja, difor er det viktig at gudstenesteforma vert lagt opp slik at den treff alle generasjonar. Det å få til fellesskap på tvers av generasjonar gjev mange og store gevinstar.
- Kyrkja og organisasjonar treng mange frivilljuge og løna arbeidarar. Difor er det viktig å bruke tid og resursar på god rekruttering. Ein nøkkel til dette er å gjere kvarandre meir bevisste på nådegåver, og utfordre personar direkte på det ein veit er deira gåve.

Gustav Magne Landro (41)



Blomvåg sokn,
Vesthordland prosti
Politioverbetjent.
Leiar av Øygarden
kyrkjelege fellelsråd.

Satsingsområde:

- Eg ynskjer satsing på gudsteneste-utvikling og på born og unge sin plass i kyrkja.
- Eg vil ha fokus på aldersgruppa 30-55 og den ressursen desse er for kyrkja. Deira engasjement er grunnlaget for ei sterk folkekyrkje.
- Eg meiner kyrkja må endrast i takt med tida, men utan at ein skal endra vår klassiske bibeltru oppfatning.
- Diakoni og omsut for våre eldste viser at vi har respekt for tradisjonar og einskildmenneske.

- Samarbeid med frivilljuge, kristne organisasjonar vert viktig i ei tid der kyrkja treng stabilitet.

Hans Fredrik Lauvstad (65)



Førde sokn,
Sunnfjord prosti.
Seniorrådgjevar i skog-
bruk hos Fylkesmannen.
Tidlegare leiar av sokne-
rådet i Førde. Var med og
skipa Kirkens SOS i Sør
Hålogaland.

Satsingsområde:

- Miljøspørsmål, særleg knytt til forbruk, energispørsmål og klima. Ønskje om å gjere «Grøne kyrkjelydar» grønare, og meir forpliktande for medlemmene.
- Misjon. Arbeidsmåtene er i endring, og organisasjonane slit økonomisk. Er det mogleg og ønskjeleg å engasjere kyrkje-lydane meir direkte i misjonsarbeidet?

Ingmar Ljones (66)



Arna sokn, Arna og
Åsane prosti.
Seniorrådgjevar,
opplæringsavdelinga,
Hordaland fylkes-
kommune.
Leiar Arna sokneråd
Leiar Bergen kyrkjelege
fellelsråd

Satsingsområde:

- Sokna er grunneiningane i kyrkja. Eg er oppteken av at bispedømerådet skal arbeida for at det blir ope og tillitsfullt samarbeid mellom sokneråd, prest og andre tilsette i kyrkjelydane.
- Vi treng fleire frivillige medarbeidarar. Dei må få opplæring og oppfølging for å kunna ta del i kyrkja sitt arbeid; særleg trusopplæring og diakonalt arbeid
- Mellom anna som følge av innføringa av RLE-faget må kyrkja få tilført fleire stil-lingar slik at barn og unge som er medlemmar i kyrkja, kan få trusopplæring i tillegg til konfirmantundervisninga.
- Kyrkja sitt diakonale arbeid og engasjement må styrkjast.
- Eg legg vekt på at det må vera gode administrative ordningar på alle plan i kyrkja. Det bør utgreiast om det kan vera tenleg med felles arbeidsgjevar-ansvar for alle tilsette i kyrkja.

Egil Morland (59)



Fjell sokn, Vesthordland
prosti. Rektor.
Tidlegare styreleiar,
MF, leiar i styret for
Menneskeverd, medlem
i utvalet «Same kyrkje -
ny ordning, leiar i Preste-
foreninga. Leiar for
Morland/-stø bedehus

Satsingsområde:

- Dåpsopplæring, og at denne ikkje ein-sidig må vera tufta på kyrkja si plikt, men også på foreldra si forpliktning.
- Gudstenesta, og høgare verdsetjing av einskapen som i dag er truga av mangfaldet.
- Folkekyrkja, der omgrepa folk og kyrkje vert haldne saman, og ikkje spela ut mot kvarandre.

Lars Bjarte Nesheim (29)



Årstad sokn,
Bergen domprosti.
Utleiekonsulent.
Leiar - ungdomsrådet
i Bjørgvin

Satsingsområde:

- Ungdomsarbeid – trusopplæring.
- Ungdomsting - ungdomsråd.
- Satse på bibelgrupper i kyrkjelydane.

Inger H. Thingvold Nordeide (48)



Førde sokn,
Sunnfjord prosti.
Utviklingsleder ved
Senter for Livsmestring.
Medarbeider i søndags-
skulen. Styreleiar i
kyrkjebladet Helg og
Heim.

Satsingsområde:

- Frå studier og forskning har eg kjennskap til presten si rolle og utfordringar, noko eg er oppteken av i lys av endringane i kyrkja. Noko av dette kjem til uttrykk i ei bok eg var med på å gi ut: «Jeg er jo ikke Jesus heller», en studie av arbeidsmiljø og belastninger for norske prester.
- Gudstenestelivet, inkluderande, ope og sentralt i formidling.

Kristoffer A. Rolland (24)



Ytre Arna sokn,
Arna og Åsane prosti.
Student.
Medlem Ytre Arna
sokneråd.
Varamedlem Bergen
kirkelige fellesråd.

Satsingsområde:

- Nytenking kring gudstenesteform
- Legge til rette for økt bruk av frivillige medarbeidarar.
- DNK må være ei open og inkluderande kyrkje utan å forlate Bibelens lære, Guds ord.
- DNK må ha en «grøn» profil og arbeide for vern av skaparverket.

Björg Kristin Selvik (48)



Landås sokn, Bergen
domprosti.
Dekan, Høgskolen
i Bergen.
Tidligere medlem av
Landås menighetsråd,
og av trosopplærings-
utvalget i Bjørgvin
bispedømme.

Satsingsområde:

- Trosopplæring.
- Demokratireformen – forholdet kirke-stat.
- Tilhørighet og medarbeiderskap.

Magne Skjeldal (43)



Voss sokn, Hardanger
og Voss prosti.
Bonde.
Leiar av Bjørgvin
bispedømeråd.
Tidlegare leiar av Voss
sokneråd.

Satsingsområde:

- Trusopplæringsreforma.
- Gudstenestreforma.
- Rekruttering til kyrkjeleg teneste, både friviljuge og vigsla/ordinert teneste.

- Kyrkjeordninga.
- Fremje rettferd, miljø- og fattigdomsutfordringa.

Aud Marie Sundal (58)



Kaupanger sokn,
Indre Sogn prosti.
Studieleiar for
førskulelærar-
utdanninga.
Tidlegare leiar i
Kaupanger sokneråd
og Sogndal kyrkjelege
fellesråd.

Satsingsområde:

- Barnearbeid.
- Ungdomsarbeid.
- Liturgien i gudstenesta.

Ingvild Theodorsen (23)



Stord sokn,
Sunnhordland prosti.
Student.
Medlem av Bjørgvin
bispedømeråd. Tidligere
leder av ungdomsrådet i
Bjørgvin bispedømme.
Delegat til ungdommens
kirkemøte i tre år.

Satsingsområde:

- Menighetsutvikling og medarbeiderskap.
- Ungdom og gruppen 18-30 år.
- Miljø og rettferdighet.
- God personalpolitikk og rekruttering til kirkelig arbeid.

Monica Ugulsvik (24)



Fet og Joranger sokn,
Indre Sogn prosti.
Programsekretær,
Bergen KFUK-KFUM,
Ynglingen.

Satsingsområde:

- Trusopplæringa, særleg arbeid for ungdom etter konfirmasjonstid og oppover

- Samarbeid mellom DNK og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane.
- Fornying av gudstenesta.

Ivar Ådnanes (59)



Bremnes sokn,
Sunnhordland prosti.
Bonde.
Leiar av Bremnes
sokneråd og Bømlo
fellesråd.

Inge Aasgaard (51)



Samnanger sokn,
Midhordland prosti.
Inspektør (ped.
IKT-ansvarleg).
Leiar av Samnanger
sokneråd.
Lek gudstenesteleiar.

Satsingsområde:

- Tydelege prestar og sokneråd som vil vera andeleg leiarsskap som viser veg.
- Kyrkja må gjera dei kristne til heil-hjarta etterføljarar av Jesus. Overgjevne kristne. Dette betyr undervising og opplæring. Kyrkja må også føda/gje mat til, dei lamma som allereie er i kyrkja. Den dagen kyrkja er nøgd med å konservera og ikkje ekspandera, har ho tapt.
- Alle må få kjenna til nådegåvene og tenestene sine. Dei må verta tenarar for andre.
- Alle må få vera med i små og trygge fellesskap i tillegg til storfellesskapet.
- Kyrkja må prioritera kontakten med alle utanfor kyrkja. Det gjeld å nå dei ufrelste.

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedømme

Satsingsområde: Område i kyrkja sitt liv og kyrkja sine planar som kandidaten er særleg oppteken av/vil arbeide for.

Alder på kandidatane er alder ved utgangen av 2009.

Adresse: Bjørgvin bispedømme
postboks 1960, 5817 Bergen

Telefon: 55 30 64 70

Telefaks: 55 30 64 85

Internett: www.kyrkja.no/bjorgvin



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

”SAMAN FOR DEI FORFØLGDE”



”Konverter til islam, eller døy.” Dette var meldinga som stod på eit brev som ei kristen kvinne fekk stukke inn under døra til husværet sitt i Irak. Før det hadde avsenderane kidnappa og drepe mannen hennar fordi han var sjåfør for dei allierte styrkane i landet. Det hjelte ikkje at kona pantsette alt ho åtte for å betala dei 25000 dollarane som kidnapparane kravde. Når dei i tillegg truga med å ta livet av ho sjølv og borna viss ho ikkje skifta religion, rømde ho til Syria der ho, som mange kristne flyktningar frå Irak, lever i kummerlege kår.

Tekst: Øyvind Vevle

Situasjonen for kristne i mange muslimske land er svært vanskelege. Men ikkje berre der. Undertrykking av kristne går føre seg i over 60 land, bl. a. i Burma der styremaktene fører krig mot det kristne karenfolket. På Den arabiske halvøya handlar styremaktene etter regelen som skriv seg heilt tilbake til Muhammed; Det skal berre vera ein religion i Arabia.

I Saudi-Arabia lever ei kvinne som har vorte kristen, i husarrest. Muslimske grupper krev at faren skal drepa ho. Det vil han ikkje, og held ho inne for at ikkje mannlege medlemmer av familien skal gjera det. I følgje islamsk lov er det forbode for ein muslim å forlata islam.

Laurdag 5. august i år vart minst 8 kristne drepne i ein by nord i Pakistan, Om lag 50 hus og ei kyrkje vart brende ned. I nabolandsbyen vart om lag 60 kristne heimar nedbrende. Grunnen var truleg falske skuldingar om at dei hadde vist forakt for Koranen. Politiet held seg ofte passive i slike situasjonar.

Tyrkia vert rekna for å vera eit sekulært demokrati, eit ferieland med vakre strender og blått hav. Det er eit glansbilete for vestlege turistar. Minoritetar, og deriblant kristne, har det vanskeleg. Kjend er saka om dei 3 som vart drepne i Maltia for nokre år sidan. I år er to kristne i landet skulda for å ha ”krenka tyrkiske verdjar”. Dei har berre drive med fredeleg evangelisering. Viss dei vert funne skuldige, risikerer dei fengsel frå 6 mnd. til 2 år. I Iran har over 30 kristne vorte arresterte dei siste vekene.


To kvinner har vore i arrest sidan i mars for å ha forlate islam. I haust skal eit lovframlegg om obligatorisk dødsstraff for å forlata islam opp til ny handsaming. I Nord-Nigeria vart omkring 800 kristna drepne i månadsskiftet juli-august. Dette er offisielle tal, men lokale overslag er høgare. Tjue kyrkjer vart brende. Den islamistiske sekta Boko Haram står bak.

”Norsk misjon i øst” markerer kvart år ein sundag i november dei forfølgde kristne si sak. I år vert det **sundag den 8. nov.** Organisasjonen arbeider for å spreia informasjon og samla støtte til arbeidet han gjer for den lidande kristne kyrkja i verda.

I år går pengane til å byggja ein landsby for dei kristne frå øya Lata-Lata i Indonesia. For åtte-ti år sidan vart landsbyen deira brend ned av ei islamistisk gruppe som kom over dei og hevda at dei budde på muslimsk land, endå alle innbyggjarane på øya var kristne. Dei fekk melding om anten å forlata øya eller omvenda seg til islam. Dei 1500 innbyggjarane rømde til skogs, men nokre vart fanga og drepne. Styremaktene greidde å lokka rømingane tilbake att til landsbyen, men no vart dei tvangs-islamisererte og haldne fange i 18 mnd. Organisasjonen Bless Indonesia greidde å få setja fangane fri og føra dei i tryggleik nord på øya Sulawesi. Der er dei i ferd med å byggja ein landsby til dei og kjøpa jord slik at dei kan brødfø seg sjølv. 60 hus er ferdige, men målet er 200. Det hardt prøvde folket ser fram til at landsbyen skal vert ferdig. Der skal dei så livnæra seg av fiske og jordbruk.

Forfylginga av kristne skjer samstundes med at det går føre seg ei stille kristen vekking blant muslimane, ofte på forunderleg vis. Mange som vender om til Kristus, får det svært vanskeleg. I tillegg har fleire gamle kyrkjer i Midt-Austen og Sentral-Asia store vanskar å stri med. Det er bra om me som lever i land med religionsfridom, hjelper dei kristne som lever under tilhøve me har vanskeleg for å førestella oss.

Informasjon om ”Norsk misjon i øst” og det arbeidet organisasjonen gjer, finn me på www.nmio.no



DEI HAR SLÅTT RING RUNDT KYRKJA

Denne sommaren har kyrkja betydd alt for dei. Her har dei halde til frå morgon til seine kveld, fram og tilbake tidleg og seint. Dei har frakta mat til ungane sine i reira som dei har bygd tett oppunder takmønet. Flyttfuglar som kjem att år etter år og dei har blitt fleire dei siste åra som har funne ut at kyrkja i Haus er eit veleigna hus for reirbyggjing.

Tekst: Madli K Hannisdal

Desse vakre elegante svalene kretsar opp og ned og på kryss og tvers oppetter den høgreste kyrkjeveggen og reira er godt festa oppunder takmøna. Kanskje viss dei hadde hatt muligheit, ville dei truleg ha bygd reira sine inne i kyrkja. Desse fuglane slik vi kjenner dei, har for vane å venda tilbake til same reirplassen kvart år. Ein god vane og samtidig er det utruleg at dei greier å finna att plassen sin med tanke på den lange vide reisa dei tek kvart år. Er det ikkje fascinerande at det er kyrkja dei har vald til plassen dei vil ha som sin heim? Tett i tett i ring rundt kyrkja har dei plassert reira sine.

Desse småe vakre fuglane har halde ei heil preike for meg denne sommaren. På lik linje med svalene har det norske folk bruk for kyrkja. Vi ser på TV og les i aviser at når ulukker og sorg rammar oss, er det kyrkja me søker til. Når me vil markera viktige milepelar i livet som dåp, konfirmasjon og bryllaup, ønskjer me kyrkja si velsigning. Og når ei kyrkje i ei bygd eller by brenn ned, skapar det sorg og fortviling. Ei heil bygd sto utanfor den nedbrente kyrkja si og mange gret, kunne me lesa i avisene for ikkje lenge sidan. Då først ser dei aller fleste at kyrkja vil dei for all del ikkje mista. Den har større verdi enn dei var klar over.

Våre svaler har slått ring rundt kyrkja. Det trengs i dag at me og gjer, dersom kyrkja verkeleg har verdi for oss. Svalene er utanfor, men om dei kunne, ville dei nok bygd reira sine inne, slik dei gjer på låven heime hjå oss. I dag er det mykje snakk om å stå som medlem eller ikkje medlem i den norske kyrkja. Grunnane er ulike, nokon vil etablere nye kyrkjesamfunn, fordi då vil alt bli så mykje betre.

I sommar besøkte me den historiske kyrkjestaden Avaldsnes på Karmøy. Eg kjenner på djup takksemd når eg kjem til desse kyrkjestadane som viser at me har hatt kyrkja vår gjennom eit heilt årtusen og historia om korleis kristendomen kom til landet vårt. Alt har nok ikkje vore fullkome i kyrkja vår opp gjennom historia, men likevel har kyrkja stått som eit landemerke i sorg og i glede, der

menneska har funne trøyst og kjent Guds nærvær. På Haus kyrkja nedetter veggane er det mange merke som gjerne ikkje er så tiltalende etter svalene. Slik har det vore opp gjennom historia og, merke etter menneske som og sette sine skjemmaflekkar. Heldigvis blir flekkane på kyrkja vaska vekk når regnet skurar ned frå himmelen.

På gudstenesta er det godt å vera, det er helg og høgtid med liturgi som inneheld bøn og lovsong, salmeskatten som er så uendeleg rik, forkynninga og nattverden. Det gir påfyll til ein hektisk kvardag.

Ei kyrkje som har stått i tusen år, er det noko me vil missa? Bør me ikkje slå ring rundt kyrkja? Me treng ikkje byggja reira våre på utsida, det er plass til oss alle inne i kyrkja.



***Kyrkja den er eit gamalt hus,
stend om enn tårnet mun falla,
Tårn etter tårn dei sokk i grus,
endå kan klokkene kalla,
kalla på gamal og på ung,
mest då på sjela trøytt og tung,
sjuk for den evige kvila.***

***Me er Guds hus og kyrkje her, bygde av levande steinar,
som under kross med ærleg gjerd,
trua og dåpen sameinar.
Var me kje fleir enn to på jord,
ville han bu med livsens ord
hjå oss med heile sin nåde.***

NoS 690



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

SEPTEMBER

14. s. e. pinse, 6. september 2009: Luk 10,25-37 3 Mos 19,16-18; 1 Joh 4,7-10

Haus kl.19: Gudsteneste. Konfirmanthandling. Melve. Tak-
koffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 11: Gudsteneste. Konfirmanthandling.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Monsen.

Hosanger kl. 11: Gudsteneste. Konfirmanthandling.
Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

15. s. e. pinse, 13. september 2009: * Sal 116,12-16 1 Tess 5,15-24; Luk 17,11-19

Osterøyhallen kl.11: Felles ekumenisk gudsteneste.
Sørheim.

16. s. e. pinse, 20. september 2009: Matt 6,24-34 1 Kong 17,8-16; Gal 5,25-6,5

Haus kl.11: Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmanter.
Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. s. e. pinse, 27. september 2009: Joh 11,17-27.37-44 Hos 6,1-3; 2 Tim 1,9-12a

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til KRIK (Kristen Idrettskontakt).

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmanter.
Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

OKTOBER

18. s. e. pinse, 4. oktober 2009: * Rom 14,1-8 Jes 1,12-17; Mark 2,18-28

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til Kirkens SOS Bjørgvin.

19. s. e. pinse, 11. oktober 2009: Mark 12,28-34 Sal 73,23-28; 1 Kor 1,4-9

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd, Melve. Takkoffer til
IKO (Kirkelig pedagogisk senter).

20. s. e. pinse, 18. oktober 2009: Mark 2,1-12 1 Mos 15,1-6; Rom 4,1-8

Gjerstad kl.11: Høgmesse. Nattverd. 50-årskonfirmanter.
Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bots- og bededag, 25. oktober 2009: Jes 59,1-4.8-9 Gal 5,16-24; Matt 3,7-12

Bruvik kl.11: Familiemesse. Nattverd. Utdeling av bok
til 4-åringane. Even Fanebust.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl.11: Familiemesse. Utdeling av bok til
4-åringane. Monsen. Takkoffer til IKO
(Kirkelig pedagogisk senter).

Helgemesseaftan, laurdag 31. oktober 2009:

Hosanger kl.16: Minnegudsteneste. Sørheim.
Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

Gjerstad kl. 17: Minnegudsteneste. Melve.
Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

Hamre kl. 18: Minnegudsteneste. Sørheim.
Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

NOVEMBER

Helgemessesundag, 1. november 2009: Matt 5,1-12 Jes 49,8-10; Åp 7,9-17

Haus kl.11: Høgmesse. Felles for alle sokna. Takkoffer
til Menighetsfakultetet. Monsen og Melve.

23. s. e. pinse, 8. november 2009: * Fil 1,6-11 1 Mos 50,15-21; Matt 18,21-35

Haus kl.16: Familiegudsteneste. Utdeling av bok til
4-åringane. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl.11: Familiegudsteneste. Utdeling av bok til
4-åringane. Melve. Takkoffer til
Osterøy søndagsskulelag.

24. s. e. pinse, 15. november 2009: * 1 Tim 2,1-6a Am 8,4-7; Matt 22,15-22

Hamre kl.11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl.19: Gudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Siste sundag i kyrkjeåret (Domssundagen), 22. novem-
ber 2009: Matt 25,31-46 Jes 65,17-19; Åp 20,11-13**

Gjerstad kl.11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til MF (Menighetsfakultetet).

1. sundag i advent, 29. november 2009: Luk 4,16-22a Sal 24; Åp 5,1-5[6-10]

Haus kl.19: Lysmesse. Monsen. Takkoffer til
Lovsongsheimen, NMS.

Hosanger kl.11: Familiemesse. Nattverd. Monsen. Utdeling av
4-årsbok. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

OLSOKKYRKJEKAFFI PÅ OSTERØY MUSEUM – EIN LANG OG GOD TRADISJON



Det er tradisjon i Gjerstad kyrkje å markera olsok med ei gudsteneste 29. juli. Denne dagen er til minne om Heilag Olav som fall på Stiklestad i 1030. Etterkvart er det òg vorte ein tradisjon med kyrkjekaffi på Osterøy museum etter gudstenesta. Osterøy bygdekvinnelag har stått for dette i over 30 år. I protokollane for Gjerstad og Haus Bondekvinnelag finn me kyrkjekaffien på Osterøy museum fyrste gong nemnd i årsmeldinga for 1976. Dette er vorte ein lang og god tradisjon som Osterøy bygdekvinnelag tykkjer er vanskeleg å bryta, sjølv om det av og til kan vera vanskeleg å skaffa nok folk. Dei klarte seg fint i år òg, og det var ei stor forsamling som møttest til god mat og ei fin sosial stund etter gudstenesta, som ein del av olsokmarkeringa. Ei varm takk til Osterøy bygdekvinnelag for tiltaket.

Tekst & foto: Anne - Mari Hannisdal Haga



Slekters gang

HOSANGER

Vigde:

25.07.09 Gina Foseid Aakre og
Stian Nybru (Oslo)

Gravlagde:

07.07.09 Odd Sælen Hanstvedt (f.1921)

10.07.09 Ragnhild Svenheim (f.1913)

10.07.09 Einar Tysse (f.1919)

24.07.09 Sveinung Bysheim (f.1949)

04.08.09 Olga Sofie Tyssebotn (f.1921)

12.08.09 Martha Røstøen (f.1925)

18.08.09 Guro Fossdal (f.1922)

HAMRE

Døpte:

21.06.09 Tuva Ystebø-Ellingsen (Radøy)

21.06.09 Lucas Ystebø-Ellingsen (Radøy)

21.06.09 Eliane Berisha (Halden)

21.06.09 William Bognøy

12.07.09 Tonje Fjellby Fostervoll

09.08.09 Anna Berentine Hopland

09.08.09 Sebastian Sleire Petersen (Danmark)

09.08.09 Emilie Sleire Petersen (Danmark)

09.08.09 Ole-Martin Flaten

Vigde:

04.07.09 Janne Poulsen og
Frank Håland

11.07.09 Nutinee Getjamrat og
Ronny Eliassen Håland

18.07.09 Ingunn Birkeland og
Ruben Kvålseth (Notodden)

01.08.09 Elisabeth Aksnes og
Odin Guest

07.08.09 Astrid Marie Kallekleiv og
Inge Vikane

15.08.09 Silje Fjelde Losnegård og
Stian Grane Vassdal

Gravlagde:

28.07.09 Synneva Skår (f.1913)

07.08.09 Arne Bognøy (f.1953)

11.08.09 Helena Lovise Haugland (f.1916)

GJERSTAD

Døpte:

28.06.09 Oliver Ahmer-Myking

28.06.09 Mathea Hjelmås Skjerveggen

29.07.09 Patrick Revheim Låstad

Vigde:

19.06.09 Kaia Hatland og Vidar Fossdal

04.07.09 Connie Bergstad Hagebø og
Kolbjørn Skjerping

Gravlagde:

03.07.09 Bjørg Birkelid Myking (f.1936) Busett Os

14.08.09 Jan Solberg (f.1930)

BRUVIK

Vigde:

13.06.09 Camilla Anne Christine Andersen og
Ole-Tov Normann Aanonsen

Gravlagde:

31.07.09 Margot Stokke (f.1916)

HAUS

Døypte:

19.07.09 Oscar Mjelde Holsen

19.07.09 Magnus Thunestvedt Skår

16.08.09 Jonas Moen Mjølkeråen

Vigde:

25.07.09 Mette Helland og
Pål Kjetil Tufta

***Vår varmaste takk for all deltakelse,
blomehelsingar og
pengegåva ved min kjære Einar
og vår fars bortgang.***

***Det kom inn kr. 6.186,- til
kyrkjelydsarbeidet i Hosanger.***

- Åslaug med familie.

EI HISTORIE OM EIN SALMETEKTST

fortalt av Nils-Aksel Danbolt Mjøs

Det var under konfirmantførebuinga i Hosanger at ein tyngd sokneprest vende seg til ein av konfirmantane og bad om eit trøystevers. Presten var Johan Lavik, som nok ikkje tykte bodskapen han hadde lagt så mykje vinn på å overbringa hadde funne feste i den unge skaren.

Konfirmanten som kom han i møte med trøyst, heitte Johannes Nordås. Han vart seinare bonde på Nordås, og budde på Litland som pensjonist.

Verset han sa fram til den vonbrotne presten lydde slik:

Gud lat oss i din kunnskap mannast

so læra må i livet sannast

og dagleg framgang i oss få.

Til Kristi voksters mål å vinna

so me hjå deg kan nåde finna

og du på oss med hugnad sjå.

Nils-Aksel kan vidare fortelja at Nils Økland, lærar og klokkar frå Stord, skreiv denne songen i minneboka hans. Det høyrer også med eit vers nummer to. Den nynorske teksten er ved Støylen.

Bygg kjære Gud di kristne kyrkja

vår tru og von du sjølv må styrkja

og binda om oss kjærleiks band.

So me i syskinlag må vandre

og halda trufast av kvarandre.

Det høyrer du, vår frelsar mann.

Hvordan har jeg det – egentlig?

Egentlig, hva betyr det?

Spørsmålet utfordrer til å kjenne etter. Til å stoppe opp, puste, ha fokus på seg selv. Hvordan er det å være meg akkurat nå?

Så kan vi få mange svar. Tanker, følelser, behov, kropp. Noen ganger er det gode ting som dukker opp. Takknemlighet, glede, latter, de gode verdiene, håp. Andre ganger er det de vonde følelsene, de udekkede behovene, sykdom og bekymring som først dukker opp.

Alle opplever begge deler i livet sitt. Det gode og det vanskelige.

Vi som tar telefoner og svarer på SOSmeldinger tåler å høre det vanskelige, vi tåler å være sammen med inn i det mørkeste. Vi tror på verdien av å være sammen, sette ord på og erkjenne det som er. Følelsesmessig førstehjelp kalles det gjerne. Heldigvis er det ikke bare på Kirkens SOS at det gis følelsesmessig førstehjelp.

De gode samtalene er limet som gjør samfunnet vårt godt å være i. De skjer hver dag, mellom vanlige mennesker. Dersom vi slutter å dele følelser får vi et kaldt og ugjestmildt samfunn. Vi trenger fellesskap, vi trenger respekt, vi trenger å bli lyttet til, at noen prøver å forstå oss. Samtidig trenger vi også selv å prøve å forstå andre, vi trenger å føle at vi betyr noe for andre, vi trenger gleden av dele det som er viktig, både det gode og det vanskelige.

Det er godt å ha noen å dele med når livet er tungt. Og det er deilig å ha noen å dele det glade med. Sammen kan vi oppnå at det "halvtomme" glasset endres til et "halvfullt" glass.

Å hjelpe er noe annet enn å overta.

Når vi lytter og deler med hverandre så bærer vi fortsatt våre egne problemer. Den gode samtalen skaper rom for refleksjon og undring. Noen ganger finnes ingen løsninger eller svar. Men det kan være lettere å bære det vanskelige når vi har delt tanker og følelser med den annen.

På Kirkens SOS sier vi ofte at det er viktig og riktig å snakke sant om seg selv. Vi sier også at vi ønsker å lytte til akkurat det – uten å fordømme eller justere.

Pust! Kjenn etter. Del gjerne med en du stoler på. Kanskje opplever du at det halvtomme glasset er blitt halvfullt.

Greta Gramstad
Daglig leder



Kirkens SOS

**Det hjelper å snakke
- når en har noen som vil lytte**

Vil du være frivillig på Kirkens SOS?

Vi trenger flere som vil prate med et medmenneske som har det vanskelig.

Din oppgave er å lytte og tenke høyt sammen med den som ringer eller skriver til Kirkens SOS. Du skal ikke gi råd eller løse den andres problemer.

Du får innføringskurs, veiledning og videre faglig oppfølging så lenge du er med som frivillig. Du går inn en ordnet vaktturnus, tilpasset din hverdag. Kirkens SOS er en døgnåpen krisetjeneste.

Du må være mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til egne kriser.

Kursstart er 29. september. Interessert?

Kontakt oss på 55 32 58 45/941 83 654,
bjorgvin@kirkens-sos.no eller www.kirkens-sos.no

Velkommen til et lærerikt og givende fellesskap!

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 **BLINK HUS**

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg

 **SparebankenVest**
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

Fjord Slottet



HOTELL & BAD

www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjvev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

TV - INNSAMLINGSAKSJONEN 2009



*Angelique Awa (29)
flyktning frå Rwanda*

TV-aksjonen er NRK sin årlige innsamlingsaksjon, og den vert i år avvikla søndag 18. oktober.

TV-aksjonen er i år tildelt CARE sitt arbeid for å hjelpe fattige kvinner og familieane deira. CARE er ein av verdas største bistandsorganisasjonar og vert i Norge leia av generalsekretær Marte Gerhardsen. TV-aksjonen 2009 har fått tittelen "Hjelp til kvinner hjelper flere".

CARE hjelper jenter og kvinner fordi dei vert hardest råka av fattigdom og nød, og fordi vi har erfart at hjelp til kvinner er den mest effektive måten å drive bistand på. Vi veit at når kvinner får betre økonomi så brukar dei pengane på mat, helsetenester og utdanning for heile familien.

TV-aksjonen CARE skal finansiere mikrofinansprosjekt for kvinner i tre verdsdelar, i Bangladesh, Burundi, Burma, Mali, Niger, Rwanda, Sri Lanka, Tanzania, Uganda og Vest-Balkan.

Vi kallar metoden spare- og lånegrupper. 15 - 30 kvinner går saman i grupper og sparar små beløp av egne pengar kvar veke under rettleiing av ein CARE-medarbeidar.

Spare- og lånegrupper skapar ein tryggare økonomisk plattform for kvinnene og familieane deira. I tillegg er gruppene ein sterkt fellesskap der dei spreier kunnskap om mødrehele og snakkar om vanskelege og ofte tabubelagde spørsmål, som valdtekt og omskjering. Det viser seg og at spare- og lånegruppene har ein positiv effekt i forhold til demokratisering, gjennom at kvinnene involverer seg i samfunn og politikk. Berre i Niger er 200.00 kvinner med i slike grupper.

CARE håpar at så mange som mogeleg vil vere med å støtte opp om aksjonen og bidra til at den blir ein suksess. Skal den bli det så treng vi bøsseberarar. Meld deg på telefonnummer 02025!

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

ST. SIMEON STYLITTEN

eller Simeon på søyla, gjorde eit svært originalt livsval då han bestemte seg for å tilbringa livet sitt oppe på ei søyle ute i ørkenen. I desse dagar er det 1550 år sidan munken som gjorde dette merkelege valet døydde. Meininga med livet på søyla var å koma seg unna alt menneskemaset, og samstundes flytta seg nærare Gud. Men han fekk ikkje mykje ro der heller. Det vart reine folkevandringa ut til søyla med den asketiske munken. Han vart vurdert som heilag alt i levande live, og folk søkte råd om alt mogeleg hjå han.

Etter valet er unnagjort, kan vi håpa på ein fin haust.
Neste nummer kjem med adventstida.

FRIST FOR STOFF TIL NESTE NUMMER:
09.11.09

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com